



Moster Eiendom AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ingrid Leirvik Olsen, 555 72059

Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Serklau, Bømlo kommune for Moster Eiendom AS.

Statsforvaltaren i Vestland gir Moster Eiendom AS løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø. Føremålet med tiltaket er å vidareutvikle industriområdet på Serklau, Bømlo kommune. Tiltaket omfattar utfylling i sjø av ca. 155 000 m³ stein (ca. 457 250 tonn) over eit areal på 18 680 m².

Tiltakshavar ønskjer å starte opp arbeidet rundt 1. januar 2026 og reknar med ein anleggsperiode på ca. 1 år.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad datert 28. oktober 2025, oppdatert søknad 23. desember 2025, samt andre opplysningar som kom fram under behandling av søknaden.

Vedtak om løyve etter forureiningslova § 11

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling i sjø av ca. 155 000 m³ stein (ca. 457 250 tonn) over eit areal på 18 680 m². Løyvet er heimla i forureiningslova § 11. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet.



Vedtak om gebyr for sakshandsaming


Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 45 600 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Oppsummering av søknaden

ABO Plan & Arkitektur Stord AS søker, på vegne av Moster Eiendom AS, om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø for å vidareutvikle det eksisterande industriområde på Serklau, gbnr. 20/80 m.fl. i Bømlo kommune. Dette vil bidra til nytt tilgjengeleg areal for marine/maritime næringsverksemdar.


Endringa i søknad 23. desember 2025 består i at ein planerar mindre landareal i bakkant, men fyller ut litt meir i sjø. Auka utfylling er 2 500 m³ stein over 1 100 m² meir sjøbotn, innafor reguleringsplan.

Det skal nyttast ca. 155 000 m³ (457 250 tonn) sprengstein for å oppnå ynskja landvinning. Avgrensing av fyllingstoppen utgjer ca. 18 680 m². Topp fylling vert på kote +2,5.



Figur 1: Utfylling i sjø, planeringsplan. Område merka med raudt er der det vert fylt meir stein, jf. søknad 23. desember. Kjelde ABO Arkitekt

Rådgivende Biologer AS har gjennomført kartlegging og konsekvensutgreiing av marint naturmangfold og naturressursar i sjø i samband med det pågåande planarbeidet¹. Tiltaket ligg i vassførekomsten Stokksund, og influensområdet i anleggsfasen overlappar også med vassførekomsten Bømlafjorden, begge registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Under feltundersøkingar vart det registrert seks delområde med naturtypar og to funksjonsområde knytt til marine artar i utgreiingsområdet (Fig. 2). Innanfor tiltaksområdet er det registrert bløtbunnsområde, undervannseng med havgras og ålegras, strandeng og østersforekomst. I influensområdet ble det også registrert eit større tareskogforekomst av sukkertare.



Figur 2 Oversikt over marine naturtypar og økologisk funksjonsområder for arter innanfor utredningsområde til Serklau industriområde. Tiltaksområde er utheva med raud stipla linje, influensområde med blå stipla linje og planområde med svart

I Fiskeridirektoratets kartteneste er det registrert ein mykje brukt fiskeplass for passive reiskapar innanfor influensområdet og Vestresundet gyteområde nord for tiltaksområdet.

Sedimentet i området i Hallvardsvika består mest av sand og grus, med eit lågt innhald av tungmetall på alle stasjonane². Stasjon R1 og R3 hadde noko høgt innhald av PAH-sambindingane antracen, pyren og benzo(a)antracen, med konsentrasjon tilsvarande tilstandsklasse III, og konsentrasjon av ideno(1,2,3-cd)pyren tilsvarande tilstandsklasse IV etter rettleiar M-608:2016³. Innhaldet av dei

¹ Rådgivende Biologer AS. *Detaljregulering av Serklau industriområde, Bømlo kommune. Konsekvensutredning av marint naturmangfold og naturressurser*. Rapport nr. 3797. (2023)

² Rådgivende Biologer AS. *Serklau i Bømlo kommune. Risikovurdering av forureina sediment*. Rapport 4208. (2023)

³ Miljødirektoratet. M-608: Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota. – revidert 30.10.2020 (2016)



resterande undersøkte miljøgiftene var låge med konsentrasjonar i tilstandsklasse I eller II. Sedimentet i området ved Serklauvegen var dominert av sand, men inneheldt også ein del silt. Det var lågt innhald av tungmetall i sedimentet på alle stasjonane, utanom stasjon R6 som hadde høg konsentrasjon av kopar, tilsvarande tilstandsklasse V etter rettleiar M-608:2016. Stasjon R5 og R6 hadde forhøga konsentrasjonar av PAH-sambindingane pyren og benzo(a)antracen tilsvarande tilstandsklasse III, og antracen, benzo(b)fluoranten, og ideno(1,2,3-cd)pyren tilsvarande tilstandsklasse IV. Stasjon R5 hadde i tillegg høg konsentrasjon av benzo(ghi)perylene tilsvarande tilstandsklasse IV. Konsentrasjonen av Σ PCB 7 var tilsvarande tilstandsklasse III på stasjon R5, og konsentrasjonen av TBT var tilsvarande tilstandsklasse III på stasjon R5 og R6. Innhaldet av dei resterande undersøkte miljøgiftene var låge med konsentrasjonar i tilstandsklasse I eller II.

Sidan tiltaket primært skjer i grunne sjøområde, er det vurdert at tidevasstraumen vil ha mest betydning for spreiding av finstoff ved deponering av massar. Tidevasstraumen er ein periodisk skiftande pendelstraum, og sidan straumstyrken i området sannsynlegvis er relativt låg, har Rådgivende Biologer AS vurdert at influensområdet i anleggsfasen vil kunne strekke seg vel 750 m utover tiltaket i retning nord.

Føreslegne avbøtande tiltak er:

- Isolering av sediment med eit 10 cm tjukt tildekkingslag av rein sand.
- Partikkel- og miljøgiftstopp: Det skal nyttast siltgardin og lense under utfyllingsarbeidet
- Overvaking av vasskvalitet: Det skal gjennomførast kontinuerleg turbiditetsmåling med ei alarmgrense på 10 NTU/FNU over bakgrunnsverdi; dersom grensa vert overskriden i meir enn 20 minutt, skal arbeidet stansast.

For å isolere eventuelle forureina massar på sjøbotn vert det først lagt ut eit 10 cm sandlag over heile fyllingsområdet. Store delar av området vert fylt ut med landfylling (endetipp), mens den djupaste delen av fyllingsfoten vert utført ved hjelp av lekter. Dette er for å sikra at ein oppnår prosjektert fyllingsfot. Fyllinga vert komprimert. Vidare vert fyllinga erosjonssikra ned til kote -3 langs heile sjøsida.

Det vert nytta massar frå same eigedom/eigar på staden til utfylling, mens delar av massen må sprengast ut i bakkant av området. Stein som vert nytta til utfylling er grovkorna. Finstoff i sprengsteinrøys vert nytta på land og i topp av fylling.

Plastrestar etter sprengingsarbeidet som tennleidningar og tennslangar skal sorterast ut under lasting. Dersom det likevel kjem flytande plastrestar på sjøen vil desse verta fanga opp av siltgardina. Siltgardina vil bli jamleg inspisert og eventuelle plastrestar vert tekne opp.

Støy frå arbeidet og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i gjeldande Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging⁴.

Søkjær ynskjer oppstart av arbeida rundt 1. januar 2026. Entreprenør reknar med ein anleggsperiode på ca. 1 år frå oppstart.

Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Bømlo kommune, Bergens Sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Sør-Norges Fiskarlag samt lagt ut til høyring på Statsforvaltarens heimeside. Frist for å gje uttale var 3. desember 2025, med utsett frist for Bømlo kommune til 12. desember 2025.

⁴ Klima og miljødepartementet. T-1442: Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging. (2021)



Vi fekk høyringsutsegn frå Fiskeridirektoratet, Bergens Sjøfartsmuseum, og Bømlo kommune.

Fiskeridirektoratet 10. november 2025

Direktoratet skriv at i området denne saka gjeld, er det registrert fiske med passive reiskap. Nord for planområdet ligg eit gyteområde, og i aust ligg ein fiskeplass for aktive reiskap, mellom anna for reketrål.

Fiskeridirektoratet viser til sin uttale gjeve til utkast reguleringsplan datert 16. oktober 2025. Her viser dei til at dersom det vært utført peling og sprenging i sjø, så skal ikkje dette være tillatt i perioden 1. januar til 30. april. Og at arbeida skjer i tråd med føresegnene til detaljreguleringsplanen for Serklau industriområde.

Bergens Sjøfartsmuseum (27.november 2025)

Attgjeving av uttale:

«Museet kjenn ikkje til kulturminne ved Serklau i Bømlo kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagd arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Bømlo kommune (12. desember 2025)

Attgjeving av uttale:

«Vår vurdering i høve til kommuneplanens arealdel

Det omsøkte området var tidlegare regulert gjennom reguleringsplan for delar av Grønås, Teigland og Mosterhamn austre og vestre (R-45), vedteken i 1987. Denne planen er no oppheva som følge av vedtaket om detaljregulering for Serklau industriområde⁵ den 8. desember 2025.

Det aktuelle området har ikkje eige arealformål i kommuneplanens arealdel. Deler av sjøarealet utanfor den tidlegare planen R-45 er i kommuneplanen sett av til hamneføremål. Dette sjøarealet er no regulert gjennom detaljreguleringsplanen for Serklau industriområde,.

Vår vurdering i høve til Reguleringsplan for Serklau industriområde (PlanID 202108)

I tiltaksområdet er det kun føresegnsområde #2_4 som opnar opp for fråvik av minimum kotehøgde på +2,5 satt i føresegnene § 3.4.3. Dersom det skal etablerast dokk i føresegnsområde #2_5, kan ein også fråvike minimumskotehøgde satt i § 3.4.3, ref. §3.4.4. og §5.1.3.

Det er i omsøkt planeringsplan i føresegnsområde NÆ2 vist til minimumskotehøgde på +2,3 utanfor #2_4, mellom normalprofil opptrekk snitt A-A. Dette fråviker krav satt i føresegn §3.4.3.

I søknad er det nemnt framtidig plan om etablering av dokk, men i planeringsplan vises det til planeringsareal i føresegnsområde #2_5. Planeringsplan visar dermed at området ikkje er tiltenkt

⁵ DETALJREGULERING for industriområde Serklau i Mosterhamn, gnr. 20, bnr. 12, 79 m.fl. PlanID 202108



dokk i denne søknadsprosessen, og det er då minimumskotehøgde på +2,5 som gjeld. Her er det i eksisterande situasjonsplan satt kotehøgde på ca. +2,3.

Kotehøgder satt i planeringsplan samsvarar dermed ikkje med føresegner satt i reguleringsplan.

Planeringsplanen samsvarer elles med gjeldande reguleringsplan.

Andre merknadar

I søknad vises det til mål om oppstart 1. januar 2026, med anleggsperiode på ca. 1 år. Me minnar om føresegn §2.2.6. om at peling og sprenging i sjø ikkje er tillate i perioden januar til mai med omsyn til gytefeltet Vestresundet, og anleggsarbeid i form av sprenging, peling, pigging og steinknusing er ikkje tillate i hekkeperioden til Tjeld frå april til og med juli .

Minnar og om rekkefølgekrav til føresegnsområde #2_7 satt i §5.1.5, kor det vises blant anna til at uttak av stein skal føregå i randsona av eksisterande planert område, og uttak skal starte i den vestlege delen av føresegnsområdet.

Visar også til krav til massehandterings- og landskapsplan, og omlegging av sti, ref. § 6.1.3, §6.1.6 og §6.1.7, før det vil bli gitt igangsetjingsløyve av grunnarbeidet etter Plan og bygningslova.

Ved gjennomføring av tiltak i planområdet skal ein til ei kvar tid følgje gjeldande reguleringsføresegner, plankart og planomtale.»

Rettsleg grunngjeving for løyve

Forureningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11. Statsforvalteren har handsama saka som rett forurensningsmyndighet for forurensning fra anleggsvirksomhet, jf. rundskriv T-3/12⁶.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Utfylling som bidreg til å spreie finstoff som kan påverke fiskeinteresser, trua artar, marine naturtypar eller bidra til plastforureining, er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvalteren finn at utfyllingane i dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Når Statsforvalteren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvalteren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre- var- tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningslinjer når Statsforvalteren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

⁶ "Statsforvalterens myndighet etter forurensningsloven, oreigningslova og produktkontrolløven." Rundskriv T-3/12 sist endret 11. desember 2019.



Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta inneheld forplikande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Bømlo kommune godkjende reguleringsplanen for industriområdet på Serklau i Mosterhamn i vedtak 8. desember 2025.

Reguleringsplanen har føresegnar som også gjeld anleggsarbeida i sjø:

Støy frå anleggsarbeidet vert handsama etter plan- og bygningslova med kommunen som styresmakt, føresegn 2.6.1.1 gjev grenseverdiar for støy frå bygge- og anleggsverksemd.

Føresegn 2.2.6 set forbod mot peling og undervasssprenging frå 1. januar til 30. april av omsyn til Vestresundet gytefelt. Det er ikkje søkt om peling eller undervasssprenging i søknaden til Statsforvaltar, så me tek ikkje med vilkår om dette. Men dersom slikt arbeid skulle bli nødvendig så gjeld tidsbegrensning gjeve i føresegn 2.2.6.

Statsforvaltar kan gje løyve etter forureiningslova til dette anleggsarbeidet. Vi tek med standard vilkår at løyvet ikkje kan nyttast før Bømlo kommune har godkjend tiltaket med rammeløyve og igangsetjingsløyve etter plan- og bygningslova.

Vår vurdering av søknaden


Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreiding av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar og fiskeriinteresse. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggande sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, marint naturmiljø og verneområda. Mineralpartiklar som svevar fritt i vassmassane kan medføre skade på gjellene til fisk og det er vist at dei kan feste seg på pelagiske fiskeegg som hos torsk og hyse og få egg til å søkke, noko som kan auke eggdødeligheita.

Partikkeltilførsel til sjø over lengre tid vil også kunne medføre nedslamming av sjøbotn, noko som vil kunne føre til at leveområdet til botnlevande organismar vert endra eller øydelagt. I tiltaksområdet er det registrert bløtbunnsområde, undervannseng med havgras og ålegras, og mindre områder med strandeng og østers (Fig. 5). Rådgivende Biologer AS vurderte at disse vil gå helt eller delvis tapt som følge av tiltaket, utan moglegheit til å restaurere seg⁴.

Tiltaket ligg innanfor eit område som gjennom reguleringsplan er avsett til næringsareal med tilhøyrande teknisk infrastruktur, og opnar for relativt omfattande utfyllingar i sjø. Det betyr at negativ påverking på marine naturtypar innanfor reguleringsplanens avgrensingar som følge av anleggsarbeidet må påreknas.



Figur 3: Oversikt over planlagt tiltaksområde, influensområde og registrerte marine naturverdier. Gyteområde og fiskeplass for passive reiskapar er markerte.

Arbeidet i sjø skal likevel utførast på så skånsam måte som mogleg, slik at omkringliggende miljø påverkast i så liten negativ grad som mogleg. Dersom sedimenta i tiltaksområdet er forureina, kan også forureining verte spreidd. I dette tilfellet har Rådgivende Biologer AS tatt prøver av sjøbotnen bestående av sand, silt og skjelsand, med forhøgd nivå av fleire miljøgifter⁵.

Søkjer har foreslått at som avbøtande tiltak for å isolere eventuelle forureina massar og forhindre spreieing av miljøgifter, skal det leggjast eit 10 cm tjukt tildekkingslag av rein sand over heile utfyllingsområdet før utfylling med grovkorna massar. For å bevare dei attverande naturverdiane utanfor tiltaksområdet, og minimere spreieing av forureina sediment, blir det òg sett vilkår om siltgardin(er) og kontinuerleg turbiditetsmålingar med alarmgrense på bakgrunnsverdi + 10 NTU/FNU i ein periode på meir enn 20 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stansast, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak.

Kontrollrutinar for at utfyllingsmassar er eigna for utfylling, kva tennsystem som er nytta og at massane er utan forureina finstoff og anna forureining skal beskrivast i kontroll- og overvåkingsplan som send Statsforvaltaren før oppstart. Statsforvaltaren skal haldast orientert om eventuelt nye leveransar av sprengstein og informasjon om massane skal sendast før utfylling skjer.

Bruk av sprengsteinmassar til utfylling i sjø kan gi fare for spreieing av plastavfall til sjøen. Plast bruker lang tid på å broten ned, og det har ein negativ og uønskt påverking på miljøet. Statsforvaltaren stiller



vilkår for å avgrensa tilførsel av plastavfall til omgivnadene. Rutinar for overvaking av eventuell plastforureining skal inngå i ein overvakingsplan.

Statsforvaltaren meiner at faren for spreiding av forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er gjeven i dette løyvet, gitt at dei fungerer som tiltenkt. Dei søkte tiltaka er teken inn som vilkår i løyvet, med dei endringar og presiseringar som Statsforvaltaren har bestemt.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfoldloven § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til bruk.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjering

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.



Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Ingrid Leirvik Olsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:

Fiskeridirektoratet
Bømlo kommune
Bergens Sjøfartsmuseum
Sør-Norges Fiskarlag
Mattilsynet



Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Serklau, Bømlo kommune for Moster Eiendom AS.

Statsforvaltaren gjev Moster Eignedom AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av søknad datert 28. oktober 2025, oppdatert søknad 23. desember 2025 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventet oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Moster Eiendom AS
Postadresse	Strandgata 92, 5528 Haugesund
Kommune og fylke	Haugesund, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	933626199

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2025.1055.T	4613.0138.01	2025/16991

Løyve gitt første gong: 6. januar 2026	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør	Ingrid Leirvik Olsen rådgjevar	

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endrings- nummer	Endringsdato	Vilkår og omtale av endringar



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling i sjø for å vidareutvikle industriområdet på Serklau, Bømlo kommune. Tiltaket omfattar utfylling i sjø av ca. 155 000 m³ stein (ca. 457 250 tonn) over eit areal på 18 680 m².

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 28. oktober 2025, samt oppdatert søknad 23. desember 2025, med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post tilsfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljøriskovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljøriskovurderingane som er utført i samband med søknad om



løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er søkt om for å redusera fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverks som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar plikter å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollforskrifta skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette

¹ Systematisk helse -, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)



løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova² og andre relevante forskrifter til disse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontroll oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.1.1 Avvikshåndtering

Avvik (brudd på forurensningsregelverket) skal avvikshandteres i samsvar med bestemmelsene i internkontrollforskriften § 5 2. ledd punkt 7. Dette inkluderer årsakene til at avvikene har skjedd, vurderinger og iverksetting av strakstiltak for å rette avvikene, og vurderinger og iverksetting av avbøtende tiltak for å hindre at lignende avvik skal skje på nytt. Avvikshandtering skal dokumenterast skriftleg.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Statsforvaltaren føreset at tiltaket blir gjennomført som angitt i søknad av 28. oktober 2025, oppdatert søknad 23. desember 2025, samt underliggende dokument og i samsvar med vilkår sat i dette løyvet. Tiltakshavar må på førehand avklara skriftleg med Statsforvaltaren endringar som blir ønskte gjennomført i forhold til opplysningar gitt i søknaden eller under saksbehandlinga dersom endringane kan ha miljømessig betydning.

² Produktkontrolllova av 11.06.1979 nr 79



Dersom det viser seg at dei søkte om løysingane med dei beskrivne miljøbeskyttande tiltaka ikkje verkar som føreset i vilkåra, kan den ansvarlege straks bli pålagd å setja i gang fleire tiltak.

Tiltaket skal utførast så skånsamt som mogleg. All forureining frå tiltaket, medrekna utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskt. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar, skal arbeidet stansast og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Kontroll av utfyllingsmassar

Det er søkt om utfylling av ca. 155 000 m³ (457 250 tonn) i sjø, over et sjøbotnsareal på ca. 18 680 m².

For utfyllinga skal det nyttast mest mogeleg reine massar. Massane skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det må være rutinar for å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følge med steinmassane.

Informasjon om massane skal sendast Statsforvaltaren før oppstart, bl.a. ein karakterisering av massane (del finstoff/storleik/bergart) og kva tenntystem som er nytta ved utsprenging. Statsforvaltaren skal haldast orientert om eventuelle nye leverandørar av utfyllingsmassar, der informasjon om massane vert sendt oss før utfylling skjer.

4.3 Tildekkingslag

Det skal leggjast eit 10 cm tjukt tildekkingslag av rein sand over forureina sjøbotn i tiltaksområdet. Sanden skal tilfredsstille krav til tildekkingsmassar iht. krav i Miljødirektoratet sin rettleiar M-411³.

4.4 Siltgardin

Som avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining og spreiding av finstoff og plast til vassførekomsten ved utfylling skal det nyttast siltgardin(er). Siltgardinene skal dekke heile vassøyla på ein måte slik at grenseverdi for turbiditet blir overhalden. Det skal nyttast siltgardiner som er eigna for tilhøva ved tiltaksområdet, sjå fagrapport⁴ frå Statens vegvesen.

Ved val av siltgardiner må straum- og vêrtilhøve, botn- og djupnetilhøva på staden leggjast til grunn for prosjektering av flytelegeme og vekt på lodd/botnfeste.

Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardinene fungerer etter hensikta. Dersom siltgardinene ikkje lenger fungerer skal dei reparerast eller bli bytta ut. Ved behov skal det brukast dobbel siltgardin. Arbeid/utfylling i sjø skal ikkje skje når siltgardinene ikkje fungerer.

³ Miljødirektoratet. M-411: Testprogram for tildekkingsmasser. Forurensset sjøbunn (oppdatert pr. august 2017). (2015)

⁴ Statens Vegvesen. Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 (2013)



4.5 Turbiditetsmålingar

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-9433⁵.

Turbiditetsmålarane skal plasserast i nærleiken av tiltaksområdet, i samarbeid med entreprenør. De skal brukast med grenseverdi og rutinar for stans i arbeidet viss finpartikler når en konsentrasjon over satt alarmgrense.

Det må dokumenterast en referanseverdi/bakgrunnsnivå for turbiditet, enten fastsett på førehand ved målingar eller med en referansestasjon der det blir tatt målingar ved faste intervall under anleggsperioden.

Partikkelkonsentrasjonen utanfor siltgardin i tiltaksområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 10 NTU/FNU i ein periode på meir enn 20 minutt. Dersom alarmgrensen blir overskriden skal utfyllingsarbeidet stanses. Viss overskridinga skjer på grunn av arbeidet, skal det utførast avbøtande tiltak, eksempelvis å tilføre ein ekstra siltgardin. Arbeidet kan ikkje starta opp igjen før turbiditeten er nede på stabile nivå under alarmgrensene.

Handtering av alarmar skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva aksjoner som skal utførast ved overskriding, jf. vilkår 3.1 om internkontroll.

Kunnskap og informasjon tileigna i prosjektet skal brukast for justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar og målingar viser at ein måler ikkje er plassert på eigna stad eller djupne, skal målaren flyttast. Detaljert metode for referanseverdi, alarmgrenser, plassering av målestasjon og prosedyre for jamleg vedlikehald og reingjering av sensorane skal beskrivast i kontroll og overvaksingsplan, jf. vilkår 6.1.

4.6 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er en framand og uønskt art som formerer seg raskt og forårsakar til store problem for marine miljø og næringar. Arten veks bl.a. på skrog, fortøyingar, bryggjer og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy. Havnespy er påvist ved kaier i Haugesund, Askøy, Bergen og fleire stadar i Sogn. Arten blir spreidd via skipsfart, særleg i dei største hamnene som har besøk av utanlandske skip. Arten kan òg bli spreidd til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåsar og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsemdsplikta i medhald til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten får uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekkje utilsikta spreieing av framande organismar⁶. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir bekrefta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk

⁵ Standard Norge. *Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster*. Norsk Standard NS- 9433 (2017)

⁶ Jf. [Fremmedartslisa 2023](#) og forskrift om fremmede arter



tiltak for å unngå vidare spreining. Slike tiltak skal skje i samsvar med [rettleiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).

5 Avfall

5.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Verksemda pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

5.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

5.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark⁷ M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

6 Overvaking og kontroll, rapportering og dokumentasjon til Statsforvaltaren

6.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreining av partiklar og plast. Kontroll- og overvakingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Utarbeiding av planen, plassering og drift av turbiditetsmålar og bestilling og feste av siltgardiner skal utførast av kompetent personell med røynsle frå slikt arbeid.

Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i

⁷ Miljødirektoratet. M-1085: Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. (2018)



tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015⁸. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

Den ferdige kontroll- og overvåkingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

6.2 Sluttrapport

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 10 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Omtale om korleis arbeidet er utført (metodar).
- Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt fylt ut (i m³ eller tonn).
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Om eventuelle vilkår i tillatelsen ikkje er oppfylt, og ein grunngiving på kvifor.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

7 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

⁸ Miljødirektoratet. M-350: Veileder for håndtering av sediment – revidert 25.mai 2018. (2015)